



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. januar 2021

**Val av styremedlemmer og fastsetting av
styregodtgjering**

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 7. januar 2022 kl 12.15 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møte vart halde som videomøte.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helseminister Ingvild Kjerkol

Også tilstades:

Departementsråd Cathrine M. Lofthus

Avdelingsdirektør Kai R. Furberg

Fung. avdelingsdirektør Mikkel Hovden Aas

Seniorrådgjevar Rune Pedersen

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Einar Strømsvåg

Nestleiar Olin Johanne Henden

Einar Strømsvåg

Sigurd Hille

Gunnar Berge

Pernille Lysaker

Wenche Kristin Røkenes

Marie Skontorp

Egil Olsen

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13. Ingrid Engstad Risa møtte frå Riksrevisjonen.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helseminister Ingvild Kjerkol ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Hun spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og helseminister Ingvild Kjerkol blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Etter lov om helseforetak § 24 vert styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer vart valde i januar 2020. Styra i helseforetaka har både styremedlemmer valde av eigar og styremedlemmer valde av dei tilsette. Styremedlemmene som er valde av eigar vert valde i samsvar med lov om helseforetak § 21, tredje ledd.

Inntil ein tredel av styremedlemmene skal veljast av og blant dei tilsette, jf lov om helseforetak § 22, jf vedtektene § 8. Dette inneber at det skal veljast tre medlemmer av og blant dei tilsette ved første ordinære val.

Helseforetaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i det norske samfunnet. Det er viktig at styremedlemmene har kompetanse som reflekterer oppgåvene styret har og dei utfordringane dei regionale helseforetaka står føre. Styremedlemmene skal som styremedlem ikkje representere geografiske område, parti eller andre interesser. Det er viktig at styret samla sett representerer eit mangfald og ei breidde som dekkjer heile regionen.

Styret som kollegium og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2. Styremedlemmer som er av den oppfatninga at dei kan vere inhabile skal gjere styret merksam på dette. Styret tek avgjerda utan at den aktuelle styremedlemmen deltek i avgjerda.

Føretaksmøtet vedtok:

Frå i dag og fram til det vert halde føretaksmøte i januar 2024 vert følgjande personar valde av eigar til medlemmer i styret for Helse Vest RHF:

*Agnes Landstad
Olin Johanne Henden
Gunnar Berge
Anne Karin Hamre
Oddvar Kaarbøe
Solfrid Borge
Tord Anton Haaland*

*Føretaksmøtet vel Agnes Landstad som styreleiar og Olin Johanne Henden som nestleiar.
Føretaksmøtet minner om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2.*

Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Det vart fastsett styregodtgjering for styremedlemmer, varamedlemmer og revisjonsutval. Styra er etter lov om helseforetak pålagt å etablere revisjonsutval. Oppretting av andre underutval bør avgrensast til tilfelle der sakene si kompleksitet og omfang krev det.

Føretaksmøtet vedtok:

Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:

<i>Styreleiar</i>	<i>306 150</i>	<i>kr</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>204 800</i>	<i>kr</i>
<i>Styremedlemmer</i>	<i>149 000</i>	<i>kr</i>

Varamedlemmer (for styremedlemmer vald av og blant tilsette) får ei godtgjering på kr 5 700 pr møte.

For medlemmene i revisjonsutvalet vert det fastsett følgjande honorar:

<i>Revisjonsutvalets leiar</i>	<i>39 500</i>	<i>kr</i>
<i>Revisjonsutvalets medlemmer</i>	<i>19 700</i>	<i>kr</i>

Praksisen med at det ikkje vert gitt økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering, blir vidareført.

Møtet vart heva kl 12.21

Oslo, 7. januar 2022

Ingvild Kjerkol

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar